

HYRDINGRØYSTA

NR. 3/2024

HAUST

Grunnlagt 1938

85. årgang



«I tusen år har det vore feira messe til minne om desse som kom hit; som her fann eit lys, som bygde kyrkje og som vitna om Kristus. Det er rett at vi i dette jubileumsåret stansar opp og takkar.»

Biskop Ragnhild Jepsen

Kystpilegrimsleia 20

Redaksjonen har ordet



To ytterpunkt?

Den heite sommardagen 21. juli i år var det gudsteneste i Vassenden kyrkjesenter. Medrekna prest, klokkar, organist og kyrkjetenar var vi 14 menneske. Presten stod i døra og ønske velkomen, og bad oss ta oss ein kopp kaffi før preika starta. «Ta kaffikoppen med inn i kyrkjerommet». Han var kaffitørst sjølv, nemleg.

Innimellom snakka presten direkte til enkelt-personar, og var i det heile sær uformell. Han viste slik glede! Og det vart mange smilande fjes i kyrkja denne dagen. Han tykte nok òg at han fekk for lang avstand til den gisne kyrkjelyden. Under påskot av at han var sliten etter ei hard veke, tok han ein stol, sette seg ved døypfonten rett framfor kyrkjelyden og tala til oss, sitjande. Det vart nært. Underteikna, som vanlegvis er noko ukonsentrert, følgde rimeleg bra med på preika denne dagen. Ho handla om å vise kjærleik, vere rause, dele, og ta vare på kvarandre. «Gud elskar alle, med våre feil og manglar, same kven vi er og korleis vi fer åt.»

Så lytta vi etter kyrkjeklokka, tre x tre slag. Høyrde ingenting. Det er nemleg vanskeleg å høyre kyrkjeklokka slå nedi tårnet på gravplassen, så vi gav opp og sette kursen mot matsalen og kyrkjekaffien. Med litt «teiknspråk» vart det klokkeklang likevel, så alt gjekk av i likaste laget.

Så avslappa og uformell kan ei preike kan. Den rake motsetninga kan ein lese i boka Astrup, Kinck og Jølster, av Anders O. Klakegg: «Då presten Astrup heldt fyrste preiki si i Ålhuskyrkja, møtte mykje folk fram, skulde høyra nypresten. Etter ei to timar lang preike tykte visst bygdefolket at dei hadde fenge ein alt for snakkesalig prest som alt i eino tordna mot synd og fortaping og helvete. Mange av dei eldre som sovna i stolane, vakna att når røysti til presten steig. Mange undrast og skumpa burti sidemannen på sattet: ««Er kje han endå ferege på stola?»»

Smila i kyrkja våga dei ikkje. Men smilande andlet skein utanfor kyrkja. Det hadde hendt noko, ja. Ein gut hadde gjenge frå mor si, og det var ein presteunge det. Han heitte visst Nikolai? Han hadde lyft ei hand opp mot far sin på stolen og smilt til han. Men far hans, som ikkje på langt nær var ferdig med preiki, knytte ein neve. Guten smilte sterkare mot far sin høgt der uppe, heilt til mor hans kom fram og treiv hendene kring guten, bar han attende til sattet. Det var ikkje rart at fleire i flokken tykte at prestesonen òg tykte at far hans preika for lenge.»

Desse skildringane viser nok to ytterpunkt. Ein kan meine at tida vi lever i no, er altfor uformell – at ingenting er høgtideleg, ingenting er heilag. Ja, her er truleg eit grunnlag for lange diskusjonar. Kanskje noko å bruke tid på når vi stemnar mot vinter og mørke kveldar?

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80

Ope tysdag 9-15: Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57828180

E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

Nils Gjerland, leiar ☎ 950 74 007

Ålhus sokn:

Annette Slåtten

☎ 971 21 363

Helgheim sokn:

Hildegunn Huus

☎ 417 58 462

Sokneprest Silje Sørebo

Kontortid etter avtale

☎ 473 99 492

silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdagkl. 9–15

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje

Sissel Vartdal

☎ 489 91 257

sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid etter avtale

Ass. kyrkjeverje

Trond Herlø Sund

☎ 489 58 086

trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Kantor Rune Molvik

☎ 99127430

rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

Kateket Ute Lindner

Kontortid etter avtale

☎ 489 58 165

ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar Helge Årdal

☎ 97 64 90 16

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Utleigenummer Misjonshuset på Skei

☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter

☎ 971 20 085

Framsdebilete: Biskop Ragnhild Jepsen heldt preika på gudstenesta i Selja kloster 7. juli, då tusenårsjubileet for Seljumannamesse vart feira. Foto: Steinar Dvergsdal

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

ANDAKT

HAUSTLYSET

«All god gåve og all fullkomen gåve
kjem ovanfrå, frå han som er Far til
lysa på himmelen» (Jak 1,17)

Eg sit på kjøkenet i prestegarden og ser ut vindauget. Sola lyser opp dei mjuke haustfargane på Hegrenesnipa, og det glitrar i lauvet på bjørkene i tunet. Endeleg kom ein slik lysande vakker haustdag etter veker med regn og skodde. Ein haustdag som lyser opp også i tankar og sinn. På ein slik dag vil eg dele ein haustsalme skriven av Jan Inge Sørbo, i håp om fleire slike lysande haustdagar og med bøn om Guds lys i hjarte og sinn, også på dei mørkaste skoddedagane:

*Han gyller himlens tak med gullsinober.
Han heiser sola varsamt opp og ned.
Han helsar oss med sommar i oktober.
Han skifter fargar på kvart ospetre.*

*Han lyfter trea langsamt opp av jorda.
Han murar opp eit fjell og let det stå.
Han pustar liv og varme inn i orda.
Han hentar deg den dagen du skal gå!*



Septembermorgon ved Jølstravatnet.

Foto: Geir Skagen

*Går du på glør, så går du på hans hender.
Og når du blør, er det hans blod som renn.
Han står der nederst når di krise vender,
For han stig ned og du stig opp igjen!*

*Det gull du ser på himlen i oktober,
er renningar i veven som han vev.
Frå hans palett flyt purpur og sinober.
Og du er den som får hans kjærleiksbrev!
(nr 847 i Salmeboka)*

Bon:
*I stille forventning
Lyset kjem!
Gud, i stille forventning
kviskrar eg innfor denne dagen:
Miskunn deg.*

Gjennomlys meg
(Per Harling 1948)

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året. Betalinga er frivillig. Annonseren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år.

For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast. Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703.30.09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

Hildegunn Huus
Ingrid Søyland
epost: hildegso@online.no
soyland.ingrid@gmail.com
Neste nr. kjem i desember.

FRIST

Frist for stoff til
hyrdingsrøysta 2024:
Julenummeret:
23. november



Silje Sorebø gratulerte og takka Harald Sunde for innsatsen gjennom 50 år. Ho gav han eit bilete og ei t-skjorte med Astrup sin seljekall på.

Harald 50 år som prest

Jonsokkvelden for 50 år sidan vart Harald Sunde frå Fyglastranda i Jølster ordinert til prest. Jonsokkvelden søndag 23. juni, vart det feira med gudsteneste i gamlestova på Kjosneshogen.

Harald heldt preike, eller nærast eit kåseri som han sjølv kalla det. Harald følte eit kall til å forkynne alt som 12-åring. Men det var likevel ikkje sjølvsgat at han skulle bli prest. Han var oppvaksen på gard, og han likte praktisk arbeid.

Harald vart døypt i ei gravferd. Rakel Viken bar han til dåpen. Anders Viken var fadder. Som ung prest, forretta Harald i Anders Viken si gravferd.

Harald preika mellom anna om Jølster og Jonsok. «Jølster er jonsokbygda. Astrup har lært jølstringane å sjå naturen». Eit anna namn på dagen er Johannesvaka. Johannes døyparen, forløparen til Jesus, var fødd ved jonsoktid. Jesus eit halvt år etter. Då veit vi at det er eit halvt år til jul i dag! Jonsokbålet vart kalla priselde.

I Harald sin oppvekst vart jonsok feira med gombe og tebrød frå bakaren på Skei. Einaste gongen i året dei fekk kjøpe tebrød. Det var konkurranse om å ha jonsokbålet som brann lengst. I denne kampen vart det laga narrebål for å få dei andre til å tende på



Harald Sunde held preike på Kjosnes 2024

sine bål for tidleg. Jonsokedag skulle dei vere forsiktige med arbeid. Ein gong hadde dei kalvane ut på beite på Fyglastranda denne dagen. Då var det ein kalv som gjorde kolbotte i bakkane og braut nakken. Då var det ei klok kvinne som sa, «gubba so tylna de æ ute på Fyglastrandene. Hadde ut kalvane på jonsokedag!»

Mot slutten av preika refererte Harald innskrifta på alteret i Helgheim Kyrkje. «Kom til meg alle de som slit og har tungt å bere.» Den faste presten, Silje Sorebø, gratulerte og takka Harald. Ho gav han eit bilete med denne teksten og ei t-skjorte med Astrup sin seljekall på.

Steinar Dvergsdal



Norene Kjosnes.

Morgonstund ved Jølstravatnet

27. mai 2014

Av Harald Sunde

Eg sette meg ned på dørhella
Bygda kom mot meg
I den tidlege morgonstunda
Det er mai og vår.
Vatnet ligg stille.
Naturen speglar seg
Himmelen er klår
Bøane er grøne.
Løvetanna blømer i enga.

Så høyrer eg det,
Øyra blir opna
songen frå alle fuglane
kjem til meg.
Det yrer av liv og lyd
Frå alle strupar.
Det lyder song
Frå nysprunga bjørk.
Det kvitrar frå blømande hegg.

Det er ein ny dag i Jølster.
Livet har vakna etter ei kort natt.
Alt levande arbeider
Frå fuglane i lunden
til lilja på marka.
Alt levande vil leve
Og kjempar for maten og plassen sin.
Eg høyrer klangen frå sauebjøller.
Lamma som ropar på mor si
med lyse stemme
og mor som gjev eit bråk
med si mørke stemme
og dei er sameina.

Eg kjenner lukta av groren
angen av løvetanna.
og duft av heggen
og eimen av gjødsel.

Jau, det er levande vår i Jølste
Med lengt og lovsong i skogen.
Det er vakker mai.
Sola strålar ned mellom fjell
Småbjørka er grøn
Like opp mellom snøfennene.
Høgfjellet med toppane
og breen er drivkvit
og inviterer til det urørde
og ventar på mitt spor.

Men sjå
Ned for føtene mine
Ser eg all naturens under
Og venleik på ein liten flekk.
Det er markblomane som er nærast jorda

Og nærast meg.
Dei lyser mot meg
i alle fargar.
Det er mangfaldet som speglar av
den fargeglade Skaparen
på ein liten flekk
i det uendeleg kosmos.

Og mellom alle blomane
og fargane eit lite kryp,
ein maur
på veg til arbeid og dei hine.

Eg har alt framfor føtene mine.
Det er nok for alle.
Det er nok for meg.
Eg er sin del av alt som er til
alt som arbeider
alt som strevar,
alt som ropar,
alt som takkar, gleder seg og ler,
men og alt som gret,
alt som sturer,
alt som døyr.
Og så tenkjer eg på
alt som kviler.

Det er det store medarbeidarskap
Med han som er
Ja, berre er og er her
– ved føtene mine.



Biskopar, prostar og prestar.

«Du er mi øy i havet»

To biskopar, tre prostar og seks prestar leia feiringa av Seljumannamesse 7. juli.

Salmen henta frå keltisk kveldsbøn, «Du er mi øy i havet, Gud», ljoma over klosteruinane, over Seljeøya og rett vest over havet. Dit der St. Sunniva for 1000 år sidan reiste frå. Heime i Irland hadde ho ein gudeleg kongsfar. Etter han vart ho regjerande dronning. Ho vart utfordra til giftarmål. Men ville ikkje gje slepp på trua. I staden la ho ut på storhavet saman med sine. Dei var utan årar og segl, og let seg føre av kreftene.

Dei hamna på stranda på øya Selje. Dei slo seg ned på øya. Men vart mistrudd av dei norske heidningane, og omkom etter kvart under steinar i fjellhelleren. Overnaturlige ting skjedde, og Sunniva vart helgen.

Det vart bygd kyrkjer og kloster på staden. Seinare gran-skingar seier at kanskje den første steinkyrkja i Noreg vart bygd her.

Kvart år vert det feira Seljumannamesse. I år vart det inviter-tert til 1000-års jubileum «der kyrkja i Noreg vart fødd». Eit større oppbod av geistlege har vel knapt nok vore på desse kantar.

Det var korsong og musikk. Den svært dyktige Bjørgvin-biskopen Ragnhild Jepsen heldt preika. Ho talar stødig og verdig. Visdomsuttrykka haglar, og på klingande nynorsk. «Om vi ikkje skulle spegle eit mangfald, er kyrkja vår ikkje sann.» «Verda treng miskunn. Med guds skaparsmil lagt ned i oss, har vi og fått rett til å vise miskunn.» «.. legg vi ut på vårt livshav i trua på at han skal bere oss fram.»

Seljumannamesse var ei stålande oppleving. Trass ein noko kjøleg julidag, drog både norske og utanlandske delta-karar heim med ein glød i hjartet.



Solrunn Dvergsdal i samtale med sjetlandske Ruth Booth. Vi likar å fortelje at Sunniva truleg var innom til oss før ho hamna på Selje.

Steinar Dvergsdal

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det ufordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du ufordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



Eplehaust i Ulvik. Heimen til Olav H.Hauge og Bodil Cappelen i bakgrunnen.

Møte med eit dikt /diktar

Denne gongen er det Knut B. Skurtveit som presenterer eit dikt han er glad i.

Oppveksten min var i Ulvik i Hardanger frå 1952-1968. Då eg fekk spørsmål om å foreslå eit dikt i Hyrdingrøysta var det naturleg å velje lyrikaren Olav H. Hauge, 1908 -1994 som budde stort sett heile livet sitt på Rossvoll i Ulvik berre få «steinkast» unna barndomsheimen min.

Eg har sidan gymnastida hatt stor interesse av diktlesing og valde som regel tolkningsoppgåver av dikt som stiloppgåve på gymnaset.

Olav H. Hauge vart av bygdefolket sett på som ein einstøing som las mykje bøker, heldt seg mykje for seg sjølv, men samstundes han var reflektert og fulgte med i tida. Han gjekk på gartnar-skulen på Hjeltnes i Ulvik og arbeidde ei tid på Njøs forsøksgard

på Leikanger og Ås landbruks-høgskule. Han fekk etterkvart nokre få og gode vener. Store deler av livet, fram til han var over 50, sleit han med psykiske plager og var innlagt i fleire omgangar særleg når det nærma seg utgjeving av diktsamling.

I diktet «Det er den draumen» som kom ut i diktsamlinga «Dropear i austavind» i 1966 er draumen å kunne sigla inn i ei lun vik frå eit oppført hav, finne ro og fred i sinnet. Han skreiv seg inn i ein tilstand der han mista nattesøvnen og slutta å lage seg nok mat og arbeidde sers mykje før utgjeving av den enkelte diktsamling. Ein kan og tolke diktet som ein lengsel etter å kome ut av einsemda og finne kjærleiken som han fann ca 10 år seinare med biletkunstnaren / billedveverske Bodil Cappelen. I NRK dikt-kåring i 2016 gjekk diktet «Det er den draumen» av med sigeren som «Norges beste dikt gjennom tidene» framføre

diktet «Du må ikke sove» av Arnulf Øverland og diktet «Ord over grind» av Halldis Moren Vesaas.

Så i 1970 kom Bodil Cappelen – ikkje med storken, men med posten! Ho hadde lese nokre av dikta hans og ville takka for dei fine dikta. Dei brevveksla nokre år, bla anna sendte Bodil ei plate til Olav med klassisk musikk av Bach og Handel, jfr kjærleiksdiktet «Til henne som sende meg ei plate med Bach og Handel. Bodil ble skild og Bodil kom etterkvart på besøk på fruktgarden Rossvoll. Det avgjerande brevet fra Olav til Bodil etter eit besøk av henne på Rossvoll: «Det var ein ting eg skulle ha sagt (kanskje du forstod det) fyrr du reiste: Vill du flytta hit, so er det greidt det.»

Dei ble sambuarar og gifta seg i 1978 og dei fekk mange gode år saman til Olav døydde - det vart fleire kjæleiksdikt bla dik-

«Teppet»

*Vev meg eit teppe, Bodil,
vev det av syner og draumar,
vev det av vind -
Slik at eg, som beduinen, kan
breida det ut når eg bed,
sveipa det um meg
når eg søv,
og kvar morgon ropa:
Bord duka er!
Vev det til
ei kappe
i kulden,
til eit segl
på min båt!
– Ein dag skal eg setja meg på teppet
og sigla burt på det
til ei onnor verd.*

tet «Svevn» som vert rekna for å vera det vakraste og varmaste diktet fra dobbeltsenga i Norsk litteratur.

Olav fekk dei beste åra sine etter at han traff Bodil ikring 1970.

Mitt diktvalg er kjærleiksdiktet «Teppet» (av Olav H. Hauge.)



Fint oppmøte til utegudstenesta i Sanddalen.

«Skaparverkets dag» midt i skaparverket

Friluftsgudsteneste med keltisk preg i Sanddalen 16. juni

I tillegg til klokkar, hadde Silje hjelp av to «medliturgar»; Hemen Aman og Herborg Schulz Tonning.

Desse stod for klokkeringing og dei spelte hovudinnhaldet i preiketeksten. Enkja som ikkje gav meir enn to myntar, men som likevel «gav mest». Dette fordi ho gav alt ho hadde. Jesus meinte at ho låg betre an enn dei som bad dei lengste bønene og sat på fremste rad i synagoga.

Det var nok fleire i kyrkjelyden som hadde fleire enn to myntar. Men Silje vurderte det slik, at det kanskje ikkje var så parallelt



Silje prest hadde god hjelp av dei to «medliturgane» Herborg Schulz Tonning og Hemen Aman.

til Farisearane likevel. Ho såg på nokre tome stolar på fremste rad. Og konstanterte at det nok ikkje

var ein kamp om å sitje fremst og ikkje om å be dei lengste bønene i kyrkja.

Salmesongen var akkompagnert av Wilhelm Skrede på gitar og lystig fuglekviser og andre lydar frå skaparverket.

Bygdefolket serverte sveler, natronkake og andre godsaker til kyrkjekaffien.

Silje intervjuar Judith Kapstad om blomen i skaparverket på

Hammarsbakkjen. Den perfekte potetåkeren og grønnsakshagen hennar Judith. Her vart det også eksperimentert med lin- og hampeproduksjon, fortalde ho. Etter kvart forstod vi at i denne delen av skaparverket hadde Vårherre vesentleg hjelp av kompetente og arbeidsvillige menneskehender.

Steinar Dvergsdal



Kjøkkenhagen til Judith Kapstad.



GJESTESKRIBENTEN:

Tekst og bilde: KOLBJØRN BERGSET

Kolbjørn Bergset bur på Vassenden og leiger ut husvære til flyktingar. Han er oppteken av å ta vare på leigetakarane sine, ta dei med på aktivitetar, og på alle måtar hjelpe dei til rette i det nye heimlandet. Her fortel han om dei tre som bur der no, og intervjuar den yngste av dei.

Ein gufs frå den store verda

Eg har gleda av å verte kjend med nokre av våre nye landsmenn. For ei tid tilbake fekk eg nye naboar her på Vassenden. Det var flyktingar frå Ukraina. Ei bestemor, dotter og barnebarn i same familie.

Eg tok med ei eske konfekt og gjekk ned og ynskte dei velkomne til Jølster. Tankane mine gjekk til desse nye folka, som kom frå krig og til Norge utan å kunne eit ord norsk. Tenk om vi måtte flytte til Ukraina i denne dag utan språk og kjentfolk.

Eg har følgd desse nye naboane til Førde Røde Kors sin internasjonale kafé. Det var mange skjebnar blant dei frammotte. Folk frå Syria, Palestina, Libanon, Iran, Kongo, og mange frå Ukraina. Samtalane gjekk på gebrokkent norsk, men eg fekk innsyn i mange kulturar. Frå Ukraina snakka eg med ein bonde og ei dame som var kosmetolog på eit sjukehus. Ei dame med master i song og musikk frå eit universitet i Kiev. Ho har hatt små konsertar på pensjonistmøta i Jølster og Førde.

Eg har også opplevd fleire gufs frå land som Eritrea, Sudan, Etiopia, Somalia, Kosovo og Sri Lanka. Etter at asylmottaket på Jølster hotell vart nedlagt, budde desse tidvis hos meg. I alle desse landa er det enten krig, diktatur eller korrupsjon. Dette gjeld mange millionar menneske. Berre eit fåtal kjem til Norge for beskyttelse.

Innsyn til ein flykting

Dei nye naboane mine her på Vassenden kjem frå Ukraina. Den yngste heiter Anastasia Aktova og er 14 år. Ho var 12 år den tida då krigen starta. Dette er ein sårbar alder med mykje frykt og redsle, med flukt til bomberom fleire gonger for dagen. Det gjekk på nervane laust.

Her om dagen kom ho med eit fint måleri som ei gåve for hjelp til familien. Teikningar og måleri av dyr og natur syner at ho har talent. Eg takka og spurde om å få intervjuet ho. Som de ser nedanfor, svara ho ganske godt på norsk.



Anastasia med bilete ho har måla sjølv.

Tenårsjenta Anastasia Aktova frå Ukraina bur no på Vassenden og går på ungdomsskulen her. Ho rømte frå Ukraina 12 år gamal, saman med delar av familien.

- *Kva var det mest skremmande då krigen braut ut?*
- Når det var bomber og hus kollapse og folk døde, var det veldig skummelt.
- *Kva heiter byen du kjem frå?*
- Kramatorsk by. Donetsk-regionen.
- *Kva hende med heimen din?*
- Huset vårt er intakt, men de bomber der veldig ofte.
- *Fortel litt om flyktingruta.*
- Familien og jeg reiste gjennom Polen med fly til Norge. Vi ble bosatt i byen Vang. Så fra

Vang etter 3 mnd. ble vi bosatt i Vassenden.

- *Kvifor Norge?*
- Har lest gode anmeldelser om landet Norge.
- *Trivst du på Vassenden skule?*
- Jeg liker veldig godt å studere på denne skolen.
- *Kva fag liker du best? Forskjell på ukrainsk og norsk skule?*
- Jeg vil like kroppøving, handball og kunst. Den ukrainske skolen har flere fag, disiplin og ansvar.
- *Har de valfag i ukrainsk skule?*
- Ja der er
- *Kva fritidsaktivitet har du i Vassenden?*
- Eg har klubber, tegner, synger og jeg går også på yho.

Velkommen til korøving Jølster Barnegospel

No startar vi opp att med Øvingar i Jølster Barnegospel, og håpar både nye og gamle medlemmer vil bli med på vår musikalske reise!

Alle som går i 3.-7. klasse kan bli med, og ein treng ikkje vere supergod til å synge. Vi syng med den stemma vi har!

Øvingane vert annakvar onsdag kl 13.00-14.30. Dei som høyrer til Skei skulekrins har øvingar på musikkrommet på ungdomskulen. Dei som høyrer til Vassenden skulekrins øver på Kyrkjesenteret. I tillegg vil det verte nokre fellesøvingar der alle vert samla for song, leik og kos i lag. Konsertar har vi også samla, Skei og Vassenden Barnegospel i lag.

Vi har vår eiga Facebook-gruppe der vi legg ut informasjon om alt som skjer. Sida heiter «Jølster barnegospel». Foreldre/føresette må leite opp denne sida og bli medlem. Dersom det er nokon som ikkje er på Facebook, gje beskjed til Gerd så finn vi ei anna løysing.

Det kostar 200 kr per halvår å vere med i koret (150 kr for søsken). Pengane nyttar vi til innkjøp av notar, diverse utstyr og litt



frukt/drikke til øvingane. Det kjem informasjon på Facebook-gruppa om korleis ein kan betale.

Forste øving Skei

(musikkrommet på skulen):
onsdag 28. august kl 13.00-14.30

Forste øving Vassenden

(kyrkjesenteret):
onsdag 4. september kl 13.00-14.30

Vi håpar å sjå mange songglade gutar og jenter på korøvingane! Helsing Rune Molvik (pianist) og Gerd Sunde Forde (dirigent).




Ho syner talent!

- Trivst du i Norge?
- Jeg har det bra i Norge, familien min er veldig takknemlig ovenfor den norske regjeringen for å ta vare på min familie og vi er veldig glade for at vi har så snille og lydhøre naboer.
- Lengtar du heim til Ukraina?
- Til det odelagte Ukraina - nei.
- Naturen i Ukraina - fjord, fjell?
- Vest i Ukraina er det Korpstski-fjellene. (Karpatene)
- Kva jobb hadde bestemor og mor heime?
- Min bestemor jobbet som finansmann ved eit vitenskapelig institutt, min mor jobbet som sykepleier på eit barnesykehus, og hun jobbet som kosmetolog. Her i Norge studerer mor i norskkurs og annankvar dag praksis i sykepleie i Vassenden heimetenesse. Bestemor er over 70 år og då får ho ikkje norskkurs. Vi må lære henne.



Home-Start Familiekontakten

Vil du gi litt tid?



Home-Start Familiekontakten er eit frivillig tilbod til småbarnsfamiliar som opplever ulike utfordringar i kvardagen. Hjelpa blir ytt av frivillige familiekontakter som kjem heim til familien ein gang i veka, 2-4 timar kvar gang i ein periode på ca. seks månader.

Har du litt tid til overs? Likar du å vere saman med barn og familiar? Bli med på kurs og bli familiekontakt i Home-Start Sunnfjord!

Ta kontakt med Randi på tlf 48 23 69 62 eller e-post: randi.storhaug@sunnfjord.kommune.no for meir informasjon!

Du kan finne meir informasjon på <https://homestartnorge.no/>

Home-Start Familiekontakten Sunnfjord blir drifta av Sunnfjord Kommune. Kyrkja i Sunnfjord og Helse Forde er samarbeidspartar.



Tusenårsstaden Gulatinget.

Kyrkjelydstur til tusenårsstaden Gulen i samband med 750 års-jubileet for landslova

Kyrkja i Jølster har etter kvart laga seg ein tradisjon med å ha kyrkjelydstur til ein eller annan stad med kyrkjeleg tilknytning. I år gjekk turen til Gulen og Tusenårsstaden i samband med nasjonalt jubileum for kristenretten og 750-års jubileum for landslova.

Turen starta frå Skei kl. 07.00 for at vi skulle ha god tid til å nå gudstenesta i Gulen kyrkje. Turen var godt planlagt av ein dyktig komité. Men det er ikkje alt som kan planleggast. Ei varsellampe i bussen tok til å lyse før vi kom til Vadheim, det var nok ikkje planlagt, men det skjedde. Vår dyktige sjåfør Vidar Feldt tok ingen sjansar og sjekka nøye om noko var gale. Vi måtte få ny buss i Vadheim, og det tok si tid. Å køyre frå Vadheim til Lavik på litt knapp tid, går nok, men å køyre frå Brekke til Eivindvik på kort tid er ei mykje større utfordring. Med knappast mogleg margin nådde vi gudstenesta, og storma inn i ei fullsett kyrkje der berre plassar til oss stod igjen å fylle.

Vi opplevde ei fin gudsteneste som var godt regissert. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi på kommunehuset. På veg til kommunehuset fekk vi sjå innom ei nyrestaurent kyrkjestove (ikkje heilt ferdig).

Ved kommunehuset fekk vi orientering om Gulen sin plass i historia.



Biskop, minister, Steinar og arrangørar ved krossen.

Tusenårsstaden er ein veldig fin plass. Fine turstiar rundt og fine plasseringar av scene m.m. Vi fekk her ei flott orientering om spelet som var vist fram på laurdagskvelden og historia bak.

Heimvegen gjekk med ferje frå Rutledal til Rysjedalsvika. Tre ungjenter som var på turen serverte kaffi og muffins på kaia medan vi venta på ferga. Turen heim gjekk utan varsellamper. Vi var stort sett heldig med været. Nokre få regndropar fekk vi.

Takk til Vidar og Astrid Feldt samt Steinar og Solrunn Dvergsdal for ein fin tur.



Andrea Dvergsdal kløyver kvernstein med sverd på Gulatingstaden.

Vandringsgudsteneste i Gotdalen



Vandregudstenesta til Ørbefossen samla ein fin flokk til ei form for pilegrimsvandring. Med gode regnkle vart det ein behageleg vandring i frodig seinsommarterreng.

Ein liten flokk, godt kledd mot regnet, var samla på toppurparkeringa inst på Ålhus ein regntung dag i august. Silje prest ønskte velkomen og orienterte om dagens tur.

Det var ei form for pilegrimsvandring, der målet var Ørbefossen, og der vi stoppa undervegs for å lese tekstar og bønner, og synge høvelege salmar. Ei roleg, behageleg vandring i frodig seinsommarnatur, med ei susande elv som følgje innover dalen, og kvitskummande fossar nedetter fjellsidene etter fleire dagar med striregn. Silje fortalde at ho hadde gått forbi Ørbefossen nokre dagar tidlegare, og då ho såg fossen, kom ho på å samanlikne den med Guds kjærleik og miskunn, begge berre kom og kom i ein endelaus straum, for oss menneske til å ta imot om vi opna oss for det.

Ved Ørbefossen stoppa vi, tok ein pust i bakken og litt å ete. Silje hadde fått tsjekkisk »bonekjeks« frå vener i Tsjekkia, denne delte ho rundhanda med alle som ville ha. Det var som ein form for nattverd.



Matpause ved Ørbefossen.


Guds frie natur er gjerne eit godt alternativ til kyrkjerommet, og denne dagen var pilegrimane i «alle aldrar», frå to til 87 år. Stavar, rullator og barnevogn var i bruk, attåt «apost-



Nistepause ved Ørbefossen.

lane sine hestar», og vi vart velsigna med opphaldsvær på heile turen.

Ein treng ikkje reise til Spania og Santiago de Compostela for å gå pilegrimsvandring!



Der ingen skulle tru at nokon kunne bu

- Ein førjulskonsert om livet på veglause gardar i Nordfjord

Oddgeir Bruaset fortel historier frå Nordfjord henta frå sine to bøker «På fjellhulle og havstrand – livet på veglause gardar» og «Jul, der ingen skulle tru at nokon kunne bu».



Oddgeir Bruaset er i dag ein svært aktiv pensjonist som er kjent for dei fleste som både journalist, programleiar og forfattar. 1971 starta han å arbeide for NRK Møre og Romsdal, og har jobba for NRK heilt til han

i 2014 gjekk av med pensjon. Oddgeir Bruaset har vunne ei rekkje prisar, mellom andre Sunnmørsprisen i 1991, Kringkastingsprisen 1993 og Fylkeskulturprisen i Møre og Romsdal i 1999. I 2003 fekk han Alf Helleviks

mediemålpris for målføringa si i «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu»

Ensemble NordLys vil saman med Arne Sølberg sette musikk til historiene som Oddgeir Bruaset fortel som også blir illustrert ved bileter vist på storskjerm. Ensemblet Nordlys er eit prosjektensemble satt saman av musikarar frå eller med tilknytning til Gloppen. Musikarane har i ei årrekke spelt i lag i ulike samanhengar og no funne saman i eit mindre ensemble.

I 1996 vann Arne M. Sølberg Spellemannprisen i klassa Folkemusikk/ Gammaldans for plata Nordfjordslåttar. I 1994 fekk han Stryn kommune sin kulturpris. I 1990 vart han nominert til Spellemannprisen 1990 for plata Syngjande strenger saman med gitaristen Øyvind Lyslo som også er med i Ensemble Nordlys.



Vassenden kyrkje: 10.november 18:00-20:00

Oddgeir Bruaset: forteljar
Arne M. Sølberg: fele og hardingfele
Øyvind Lyslo: gitar
Synnøve Nordvik: song
Håvard Nordvik: trompet og flygelhorn
Dorothee Raschwitz: piano og orgel

Jakob Leiv Kroken: kontrabass og elbass
Thomas Aanonile: perkusjon og melodisk slagverk
Øystein Eide: Lyd&Lys – teknisk
Billettar kan kjøpast på <https://nordlys-ensemble.hoopla.no/event/3885632628>



Ålhus sokn ynskjer å takke

for gåve til Ålhus kyrkje, i høve Kjell Taklo sin bortgang og gravferd.
Tusen takk.

KONSERTAR

27. -29. SEPTEMBER

Jubileumsfeiring for landslova etter Magnus Lagabøte. – alt av program, sjå link til Sunnfjord kommune.

<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-friluftsliv/friskliv-frivillighet-og-aktivitetar/jubileumsfeiring-for-landslova-etter-magnus-lagabote/>

Billettar til konsertar kan kjøpast frå den sida.

13. OKTOBER KL. 16:00

HELGHEIM KYRKJE

Knut Reiersrud/ Iver Kleive

jazzhelg@online.no

www.jolsterjazz.com

tlf 95745324

19. OKTOBER KL. 16:00

ÅLHUS KYRKJE

Konsert «Songar» av Jon Fosse, framført av songar og gitarist Klaus Vatne

Arr: Jølster litterære folkeakademi

2.NOVEMBER KL. 16:00

HELGHEIM KYRKJE

«Den vanskeligste kjensla» samtale med tonefyllgje

Her møter du psykologspesialist Guro Årdal Rekkedal frå Årdal i Jølster i samtale med Silje Sørebbø. Aksel Roko Eide syng Beatles. Kaffi med noko attåt.

Arr: Jølster litterære folkeakademi og kyrkja i Jølster.

10.NOVEMBER KL. 18:00

VASSENDEN KYRKJESENTER

Der ingen skulle tru at nokon kunne bu. Sjå omtale.

20. NOVEMBER KL. 17:00

HELGHEIM KYRKJE

«Før jul med SkeiVass-koret og vener»

30. NOVEMBER KL. 17:00

HELGHEIM KYRKJE

Kvinnekoret Kvitre

03.12 KL. 18:00

HELGHEIM KYRKJE

Julesong med Inge Ronny Kvåle m/fl.

14. DESEMBER KL. 16:00

HELGHEIM KYRKJE

Stardalen Mannskor

EIN Plass FOR ALLE

Born og unge i kyrkja i Jølster

VI INVITERER TIL DESSE TRUSOPPLÆRINGSSAMLINGANE
for born og ungdom til hausten. *Nokre gongar er det påmelding.*

- **Søndag 15. september**
Hausttakkefest med invitasjon til 5-åringar i heile Jølster
- **Måndag 21. oktober etter skulen:**
Samling for 6-åringar i Helgheim sokn på Skei misjonshus
- **Laurdag 26. oktober:**
Samling for 4-åringar:
kl. 10.00 på Vassenden kyrkjesenter og kl. 13.00 på Skei misjonshus
- **Søndag 27.10. Familiegudsteneste med utdeling av 4-årsbok**
kl. 11.00 i Helgheim kyrkje (også bok til 6-åringar) og kl. 14.00 på Vassenden kyrkjesenter
- **9.-10. november**
Lys vaken-leir på Vassenden kyrkjesenter for 5.- og 6.-klassingar
- **25. november**
Måndag etter skuletid: Samling for 6-åringar i Ålhus sokn på Vassenden kyrkjesenter
- **1. desember - 1. søndag i advent:**
Familiegudsteneste med utdeling av 6-årsbok på Vassenden kyrkjesenter kl 11 og lysmesse med konfirmantar og speidarar kl. 20
- **1. desember - 1. søndag i advent:**
Familiegudsteneste med utdeling av 6-årsbok på Vassenden kyrkjesenter kl 11 og lysmesse med konfirmantar og speidarar kl. 20
- **Dato kjem seinare:**
Samling med dueslepp for 2 og 3 åringar

AV FASTE TILBOD FOR BARN OG UNGDOM HAR VI:

- **VaBa-klubb** på Vassenden kyrkjesenter annakvar tysdag (partalsveker) kl. 17.30 – 18:30 - 4 år og oppover
- **Babysong** på Vassenden kyrkjesenter annakvar måndag kl 11 (oddetsveker)
- **Torsdagsklubb** på Skei misjonshus kl.17.30 – 18.45 annakvar torsdag (partalsveker) – 4 år og oppover
- **Barnegospel** etter skuletid (annakvar veke på Skei skule og på Vassenden kyrkjesenter) – 3. klasse og oppover
- **Speidargruppe** på Skei onsdagar på Skei misjonshus - 6. klasse og oppover
- **Klubbkveldar** på Vassenden kyrkjesenter for konfirmantar

Sjå www.kyrkja.no/jolster for informasjon når det nærmar seg.

Hjarteleg velkomen!

RETNING - KYRKJEBASAREN!

I førre nummer av Hyrdingrøysta fekk vi referat og bilete frå kyrkjebasaren på Vassenden kyrkjesenter. Fleire har kanskje stussa over det vesle overskotet, og det var heldigvis ein sum som kom «ut av det blå»! Overskotet var på kr. 71000,-. Takk til ein positiv og effektiv komité som gjekk frå hus til hus og selde lodd, og enda større takk til alle som tok imot oss og kjøpte lodd!

Inger Lind Aasen, leiar i basarnemnda

I førre utgåve av Hyrdingrøysta kom eg i skade for å skrive at overskotet etter kyrkjebasaren på Vassenden var ca.15.000 kr. Ja, dette er ei stor misforståing frå mi side. Den summen gjaldt truleg overskotet av åresalet aleine. Eg beklagar feilen, og vi kan glede oss over eit skikkeleg stort overskot, som de ser ovanfor her!

Ingrid Søyland

SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 14.00 i stova på

VASSENDEN OMSORGSSENTER



Kvar tredje tysdag i månaden.

Datoar hausten 2024

7. september, 15. oktober
19. november, 17. desember

Alle er velkomne!

Helsing organist Rune
og prest Rigmor

SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 16.30 i stova på

SKEI OMSORGSSENTER




Fyrste og tredje tysdag kvar månad.

Datoar hausten 2024

3. september,
17. september (nattverd), 1.
oktober, 15. oktober,
5. november (nattverd),
19. november,
3. desember (nattverd),
17. desember

Alle er velkomne!

Helsing organist Rune og
prestane Reidar og Rigmor

SPAR 
NETTBUTIKK
Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!
Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølsterholmen eller
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25

MASKINENTREPRENØR
Ottar Dvergsdal AS
6843 SKEI



EIN SMAK AV TRADISJON
frå Anne Grete og Hilde

Søgnesand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



COOP MARKED VASSENDEN
Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18
Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no



COOP PRIX SKEI
Måndag–fredag: 8–22
Laurdag: 8–21
Tlf: 57 72 83 77
prix@coop.no

nordfjord SKIFER *Naturstein av høg kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804



Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no



Tlf. 57 82 70 30 • fjordan.no • eirik@fjordan.no



Støfvingdal • Tlf. 951 46 531 • fjordamattunet.no

ENTREPRENØR
Ivar A. Sunde AS 
6847 Vassenden



VASSENDEN TAXI

mob. 482 10022

Drosje, rullestolbil og minibuss



Åsen & Øvrelid as

Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde As
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00

JØLSTER
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook

TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige
liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT



*Helgheim kyrkje**Ålhus kyrkje**Vassenden kyrkjesenter*

OKTOBER

20. SØNDAG I TREEININGSTIDA
SØNDAG 06.10

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste

21. SØNDAG I TREEININGSTIDA
SØNDAG 13.10

Vassenden kyrkjesenter kl. 11:00

Gudsteneste i høve jazz på Jølst.
(Fellesgudsteneste med sokna
Helgheim, Naustdal, Førde, Holsen og
Haukedalen)

BOTS- OG BEDEDAG
SØNDAG 27.10

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Familiegudsteneste,
Utdeling av bok til 4 åringar og 6
åringar i Helgheim sokn

BOTS- OG BEDEDAG
SØNDAG 27.10

Vassenden kyrkjesenter kl. 14:00

Familiegudsteneste
Utdeling av bok til 4 åringar i Ålhus sokn

NOVEMBER

HELGEMESSESØNDAG
SØNDAG 03.11

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Minnegudsteneste på
Helgemessesøndag, for heile Jølster.

25. SUNDAG I TREEININGSTIDA
SØNDAG 10.11

Vassenden kyrkjesenter kl. 11:00

Familiegudsteneste
lys Våken gudsteneste

26. SUNDAG I TREEININGSTIDA
SØNDAG 17.11

Helgheim kyrkje kl. 19:00

Tidebøn og open kyrkje

Kl. 11:00 Kvar tysdag er det Tidebøn og
open kyrkje på Vassenden kyrkjesenter.
unnateke dersom gravferd

DESEMBER

Gospelkveld

1. SUNDAG I ADVENTSTIDA
SØNDAG 01.12.

Ålhus kyrkje kl. 11:00

Familiegudsteneste
Utdeling av 6-års boka i Ålhus sokn

1. SUNDAG I ADVENTSTIDA
SØNDAG 01.12

Helgheim kyrkje kl. 20:00

Lysmesse

Det kan bli endringar i gudstenestelista.

Det kan vere dåp i nesten alle gudstenester, ta
kontakt med Kyrkjekontoret om ynskje om
dåp. Nattverd er det i mange av gudstenestene.

Vigde



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

08.06.24

Aslaug Nedrebø Svidal og
Bjørn Atle Svidal

29.06.24

Camilla Moan og
Rune Steinsbø Støfring

29.06.24

Celine Davidson Mogstad og
Bertil Andreas Hamar

Vassenden kyrkjesenter

01.06.24

Magny Røstenskar og
Stig Morten Magnussen

Jølstramuseet

23.06.24

Wenche Farsund og
Stig Tveit

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

20.07.24

Siv Merethe Korneliussen Haugland
og Olav Bolset

Døypete



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

29.06 Ludvik Aabrekk Fenne

08.09 Ludvig Ask Fugle

Vassenden kyrkjesenter

02.06 Filip Ekroll

02.06 Olav-Magnus Flaten Årdal

02.06 Elvira Susanna Anti-Flaten

02.06 Loke Egge Kalland

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

04.08 Gjertine Hillestad

04.08 Samuel Aamot Fenne

08.09 Idrun Indrebø Raftevold

03.08 Sander Grytten Refsnes

(døypet i Kjøsneshogen)

Gravferd



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

03.01 Ingvald Nils Hylderås

18.01 Kjell Magne Taklo

26.01 Søren Fluge

26.03 Kristen Berg

Vassenden kyrkjesenter

12.03 Bjarne Elias Steinsund

15.03 Norolv Ove Årdal

19.03 Nils Martin Gjesdal

07.05 Jølstrunn Fossheim

09.08 Bjarne Eirik Håland

HELGHEIM SOKN

Helgheim kyrkje

05.03 Seri Oril Årdal

05.03 Bergljot Helgheim

06.03 Kirsti Lunde

07.06 Magnar Flatjord

28.06 Magnus Fonn

05.07 Børge Asle Årdal

18.07 Jofrid Loftheim Sunde

15.08 Torbjørg Årdal



Dei nye konfirmantane viste seg som hardhausar då den årlege pilegrimsvandringa for konfirmantane vart gjennomført på ein kald og regnfull dag

Konfirmantveke før skulestart

Nye konfirmantar var samla til fire dagar med introkurs før skulen begynte i august. Dei viste seg som hardhausar då den årlege pilegrimsvandringa for konfirmantane vart gjennomført på ein kald og regnfull dag.

Med pilegrimsstavar som har gått i arv frå konfirmantkull til konfirmantkull kom dei seg gjennom vind og regn i Øyskaret. På Skarstøylen tørka det opp, og til slutt var det godt å komme fram til målet for vandringa; den lune og varme Ålhuskyrkja. Ved alterringen i kyrkja fekk konfirmantane legge frå seg ein takk og ei bekymring (sjå bilete). Konfirmantane viste seg også denne veka som habile songarar. Med god hjelp på Gerd Sund- de Førde og Rune Molvik vart det god lyd i konfirmantkoret. Det lovar godt for året som ligg føre!

Silje Sørebo



Ved vegg ende, ved alterringen i Ålhuskyrkja, fekk konfirmantane legge frå seg ein takk og ei bekymring